



ADU Ingeniør Atle D Utkilen  
Postboks 75  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1839 - 16/20414

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.07.2016

## Løyve til etablering av mur på eigedom gbnr 24/109 Fammestad

### Administrativt vedtak. Saknr: 387/16

**Tiltakshavar:** Ståle Sætre og Ann Kristine Hamerstad  
**Ansvarleg søkjar:** ADU Ingeniør Atle D Utkilen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om legalisering av oppført støttemur i betong og etablering/vidareføring av støttemur med om lag 9 meter maskinmurt tørrsteinsmur, samla lengde på betongmur og tørrsteinsmur er opplyst til 36 meter. Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.06.16 og supplert 06.07.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 15.06.16 og 23.06.16. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 06.07.16. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kløve bustadfelt, del av gbr 24/1/id 1263-21031975 er definert som bustad-føremål.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



## **Nabovarsel**

Kommunen legg ansvarleg søkjar si vurdering av behov for nabovarsling til grunn jf. pbl §21-3 (2).

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan dagsett 06.07.16. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 5,5 meter. Minste avstand til offentleg leidningsnett er opplyst å vere 5 meter.

## **Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Omsøkt mur er søkt oppført over privat leidningsnett frå bustadhuset til kommunalt nett. Kommunen vil tilrå at det vert gjort tiltak som sikrar tilkomst til private leidningar ved framtidig behov for reparasjon/vedlikehald.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av eksisterande betongmur samt vidareføring av denne med tørrsteinsmur. Fotodokumentasjon/snitt viser eksisterande og nytt terreng.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden og teikningsmaterieell dagsett 06.07.16. Minste avstand frå tiltaket til eigedomsgrense er opplyst til å vere over 5 meter, det er vidare opplyst at det er 4 meter frå støttemurar til eksisterande offentleg leidningsnett.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Muren er forholdsvis høg, største høgde opplyst til 3 meter og skråande ned mot terreng. Tiltaket ligg slik til at den etter dagens bygde og naturlege omgjevningar vil vere lite synleg frå omgjevningane.

Det er i søknad ikkje opplyst topp kote på mur. Ut i frå tilgjengeleg dokumentasjon i byggesak for einbustaden på eigedomen og innsendt dokumentasjon i høve søknad om løyve til oppføring av murar, vil topp mur ligge på om lag kote 44,5 moh.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av støttemur i betong samt tørrsteinsmur på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan dagsett 06.07.16, kote topp mur vert sett til OK +44,5 moh, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen seinast ved søknad om ferdigattest.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 jf. byggesaksforskrifta § 6-8 vert Ståle Sæthre godkjent som sjølvbygger av betongmur på eigen grunn i funksjonane PRO og UTF i tiltaksklasse 1. Det er gjennom søknad erklært og sansynleggjort naudsynt kompetanse ved bruk av medhjelpers utdanning/praksis.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl. § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/1839**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ståle Sætre og Ann Kristine Hammerstad    Furulia 5                    5913                    EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

ADU Ingeniør Atle D Utkilen                    Postboks 75                    5953                    FONNES